



Norges vassdrags- og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Att. Marthe Cecilie Pramli

## Fråsegn til revisjonsdokument for Åmela kraftverk - Stad kommune

---

### Statsforvaltaren i Vestland etterlyser eit betre kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensar av reguleringa og behovet for minstevassføring/miljøbasert vassføring for Stårheimselva.

---

Vi viser til oversendinga av revisjonsdokument 14.10.2022, med høyringsfrist 15.12.2022.

#### Bakgrunn

Tussa Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne revisjonskrav og føringar frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Revisjonsdokument skal omtale ulemper ved utbygginga, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner og eventuelle nye utgreiingar gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonsesjonar omtalt som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak, som kan vere slepp av minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår.

Statsforvaltaren i Vestland vil kommentere Stårheimselva, som er det einaste vassdraget i Åmela-utbygginga som ligg i Vestland fylke. Elva er påverka ved at Løysingvatna øvst i vassdraget er overførte til kraftanlegga.

#### Vurdering

Sjølv om vilkårsrevisjonen av Åmela kraftverk er opna etter lokale krav knytt til vassdraga som drenerer til Møre og Romsdal, så skal òg konsesjonsvilkåra for Stårheimselva reviderast. Stårheimselva er omtalt i revisjonsdokumentet, men er i liten grad vurdert.

Det er opplyst at øvre del av elvestrekninga frå Løysingvatnet er tørrlagt. Eit skjønspålagt minstevassføringslepp på 0,075 m<sup>3</sup>/s sommarstid og 0,03 m<sup>3</sup>/s vinterstid har som føremål å sikre vatn til fruktdyrkinga i området, men dette har ikkje vore praktisert dei siste 20 – 25 åra. Stårheim elveeigarlag har utdjupa dette i si høyringsfråsegn, og dei understrekar at det framleis er landbruksdrift som er avhengig av vatn frå elva. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i



fjellområdet, men vi reknar med at dette har vore vurdert, og eventuelt er kompensert i skjønnnet etter utbygginga.

Stårheimsdalen og fjellområda er attraktive friluftsområde, med fleire skilta turar. Stårheim elveeigarlag påpeikar at dei nordre delane inneheld stølsvollar og våtmark, og er lite prega av større inngrep. Vi legg til grunn at innføringa av nye standard naturforvaltningsvilkår vil sikre at utbyggar eventuelt kan påleggjast å bidra til å oppretthalde bruks- og opplevingsverdiar i området.

Miljødirektoratet har ansvaret for anadrom fisk i revisjonssaker, etter den nye arbeidsdelinga innan miljøsektoren. Direktoratet har etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag om fisk og hydrologi i Stårheimselva. Vi vil presisere at det bør gjennomførast biologiske undersøkingar av reguleringspåverka område langs heile strekninga frå Ljøkelsvatnet. Dette vil mellom anna gi grunnlag til å vurdere verdi og konsekvensar for myrområdet som er nemnt i fråsegna frå elveeigarlaget. Vi minner om at strekninga nedstrøms Mørehaugen er kartlagt gjennom konsesjonssøknaden for Stårheim kraftverk.

I klassifiseringa etter vassforskrifta er Stårheimselva registrert som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) med godt økologisk potensial. Den skjønnsfastsette minstevassføringa er registrert som tiltak for å redusere den hydrologiske påverknaden frå vasskraftutbygginga.

Vi konstaterer at konsesjonshavar er skeptisk til krav om minstevassføringslepp. Vi minner difor om at hovudmålsetjinga med revisjonen er å få konsesjonsvilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard. Dette må tilseie at det som hovudregel skal vere att ei viss vassføring i reguleringspåverka elvar, og eventuelle tørrlagde elvestrekningar bør berre gjelde unntak som er særleg godt grunngjeve. Minstevassføring minst på nivå med alminneleg lågvassføring har vore eit udiskutabelt krav for all ny kraftutbygging dei seinare åra. Der viktig naturmiljø er negativt påverka, er det vanleg med eit miljøbasert vassføringsregime, gjerne basert på sommarvassføring heva til 5-persentilnivå.

Statsforvaltaren etterlyser eit betre kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere kva som er nødvendig/akseptabel minstevassføring for Stårheimselva. Vi minner elles om at minstevassføringslepp til Stårheimselva vil bidra til kraftproduksjon i Stårheim kraftverk.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Stad kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Rådhusvegen 11

Postboks 7900

Postboks 5672 Torgarden

6770

5020

7485

NORDFJORDEID

BERGEN

TRONDHEIM